



**Dok. ref.**  
08/2552-7/K1-200//SRA

**Dato:**  
26.11.2010

## **REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNINGA I ØYGARDEN KOMMUNE**

### **(FINANSREGLEMENT) GJELDANDE FRÅ 01.11.2010**

*Vedteke i Kommunestyret 10.11.2010*

#### **1. Heimel**

Reglement er vedteke i medhald av Kommuneloven, § 52 og Forskrift om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning av 09.juni 2009

#### **2. Formål**

Kommunen skal forvalte sine midlar slik at tilfredsstillande avkastning kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko, og under omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekke sine betalingskyldnader ved forfall.

#### **3. Målsetting**

Finansforvaltninga skal:

- ivareta grunnprinsippet i kommuneloven sitt formål om optimal utnytting av kommunen sine tilgjengelege ressursar med sikte på å kunne gi eit best mogeleg tenestetilbod
- sikre at kommunen si finansielle stilling i stor grad er føreseieleg.
- skal bidra til stabilitet og langsiktigheit.

#### **4. Risikoprofil**

Kommunen skal ha ein låg til moderat risikoprofil med fokus på å redusere i kva grad endringar i finansmarknadene vil påverke kommunen si finansielle stilling.

#### **5. Finansiell risiko og forklaringar**

1. Kredittrisiko  
Risiko for tap som følgje av at låntakar eller i motparten i ein kontrakt unnlèt å innfri sin skyldnad
2. Likviditetsrisiko  
Risiko for at plasseringar ikkje kan gjørast disponible for kommunen på kort tid, utan at det oppstår vesentlige prisfall på plasseringane i forbindelse med realisasjon.
3. Finansieringsrisiko  
Risiko for ikkje å kunne finansiere sine lånebehov.
4. Renterisiko  
Risiko for endring av verdien på eigendelar, gjeld, eigenkapital som følgje av renteendring.
5. Valutarisiko  
Risiko for endring av verdien på eigendelar, gjeld, eigenkapital som følgje av endringar i valutakursar.

#### **6. Langsiktige finansielle aktiva**

Midlar som ikkje er en del av de ordinære driftsmidlane i kommunen. Dette gjeld til dømes aksjar og pensjonsmidlar med langsiktig profil. Omfattar aktiva kor berre avkastning skal disponerast i årsbudsjettperioden

#### **7. Administrativ/operasjonell risiko**

Risiko for at kommunen internt (eller hos motpart i transaksjonar) ikkje har tilstrekkeleg kompetanse/bemanning, system, rutinar, samt ressursar generelt til å gjennomføre kommunen si vedtekne finansforvaltning.

## 8. Risiko i aksjemarknaden

Risiko for aksjemarknaden eller det aktuelle investeringsobjekt vil stige eller falle - både på kort eller lang sikt.

## 9. Rammer for risiko

Kommunen si finansforvaltning skal drives slik at kommunen ikkje påførast vesentleg finansiell risiko. Ein skal velje løysingar som ein er viss på at administrasjonen har kompetanse om og oversikt over, og som ein kan følgje utviklinga av.

### a. Innlån

- Finansiering kan skje gjennom opptak av lån eller gjennom avtale om leasing.
- Det bør hentast tilbod frå minst to låneinstitusjonar.
- Renteutviklinga skal kontinuering overvakast for å vurdere binding av lån.
- For å redusere renterisikoen bør mellom 30% og 50% av kommunens innlån være sikra med renteinstrument.
- Rentebytte og avtalar om fastrente/rentetak er godkjende instrument
- Gjeldsporteføljen skal bestå av eit mindre tal lån. Lån som tas opp innanfor eitt kalenderår skal om råd er samlast i eitt lån.

### b. Plassering av ledig likviditet som disponerast innafor årsbudsjettperioden

- Ved plassering av pengar skal den finansielle risiko være minimal.
- Vanleg bankinnskot kan nyttast for plassering av ledig likviditet
- Ved plassering av pengar i fond eller andre plasseringsinstrument skal den finansielle risiko være lav.
- Inntil 10 % (eller sett inn eksakt beløp) kan plasserast i norske eller nordiske pengemarknadsfond eller obligasjonsfond.
- Lån til året sine investeringar kan plasserast som bankinnskot eller i pengemarknads- eller obligasjonsfond med kort varigheit inntil de skal disponerast. Kort varigheit er her innanfor eitt kalenderår.

### c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva

Omfattar aktiva kor berre avkastning skal disponerast i årsbudsjettperioden.

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko være lav.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknads-, obligasjons- eller aksjefond inkl. plasseringar med garantert avkastning/ indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknads- og obligasjonsfond er 15 mill. kroner. · Maksimum plassering i aksjefond er 5 mill. kroner.
- Aksjefond skal spreia på norske, nordiske og/eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.

## 10. Fullmakter til rådmannen

Kommunestyret gir rådmannen fullmakter i samsvar med gjeldande Finansreglement, Delegasjonsreglement og Kommunelova. Desse fullmaktene gjev rådmannen følgjande rettar:

### a. Opptak av lån (gjelder også refinansiering og samanslåing av lån)

- velje låneinstitusjon, avdragstid og rentevilkår på lån som alt er vedteke i kommunestyret. (Opptak av lån til nye formål krev uansett vedtak i kommunestyret)

### b. Plassering av ledig likviditet

- velje finansinstitusjon
- forhandle og bestemme vilkår for plassering
- bestemme samansetninga av plasseringa

### c. Plassering av langsiktig finansiell aktiva

- velje finansinstitusjon · bestemme fondstype
- forhandle og bestemme vilkår for plassering
- bestemme samansetninga av plasseringa

### d. Dekking av akutte likviditetsbehov

- avklara vilkår for opptak av kassakreditt

## **11. Rapportering og kontroll**

Formål med rapportering er å informere om finansforvaltninga sine faktiske resultat, samt finansforvaltninga si eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett.

Rådmannen rapporter minst tre gonger pr. år til formannskapet, i minst to tertialrapportar og ein rapport snarast mogleg etter årsskifte. Rapporten skal innehalde:

- Oversikt over aktiva og passiva, samla og fordelt
- Oversikt over gjeldande finansiering av vedtekne investeringar (særleg mellomfinansiering)
- Oversikt over endringar mellom periodane.
- Renter og betingelser samt marknadsrente
- Vurdering av risiko (kreditt- og marknadsrisiko)
- Oversikt over likviditetsstoda
- Oversikt over kommunen sine fond.
- Avvik – frå reglementet, konsekvensar og tilrådde handlingar

## **12. Evaluering**

Rådmannen kan engasjere ekstern bistand for gjennomgang av finansforvaltninga i kommunen.